

Kjære 8. klassing
og foreldre/føresette!

Snart Konfirmant

- innskriving til konfirmantåret 2025/2026

KONFIRMANT
2025/2026



VIKTIG!

Påmelding i 2 trinn!

Informasjonsmøte
i Kvinnherad kyrkje,
torsdag 19. juni kl 18.00

Endeleg påmelding
på www.kvinnherad.kyrkja.no
innan fredag 27. juni

Kvinnherad sokn
Uskedal sokn
Ænes sokn
Åkra sokn

Kjære deg!

No vil kyrkjelyden din invitera deg til å verta med oss i konfirmasjonstida 2025/2026.

Konfirmasjonstida er ein viktig del av trusopplæringa i kyrkja vår, så vi reknar med at de som er døypte og medlem av Den Norske Kyrkja vert med på konfirmasjonsopplegget. Skulle nokon likevel finna ut at dei ikkje ynskjer å vera med på konfirmasjonsdagen, kan vi koma tilbake til det seinare.

Dersom du ikkje er døypt, kan du vera med i konfirmasjonstida, bli kjend med trua og velje om du vil bli døypt undervegs. Konfirmasjonsdagen er for dei som er døypte.

Konfirmasjonstida hos oss har fylgjande opplegg:

- **8 gudstenester**, inkludert presentasjonsgudsteneste, lysmesse, samtalegudsteneste og konfirmasjonsgudsteneste.
- **9 samlingar** etter skuletid
- **Weekend til Brandøy 10.-12. oktober** (evt. ei kveldssamling for dei som ikkje har høve til å vera med.) - Sjå info-boks
- **Fasteaksjonen** før påske
- **Førebuing** til lysmesse, samtalegudsteneste og konfirmasjonsgudstenesta
- **Tilbud om å vera med på Nattcup innebandy laurdag 8. november** GRATIS for konfirantar å vera med og spela i turneringa.
www.kriknattcup.com

Alle konfirmentane er i utgangspunktet påmeldt på weekend, sidan det er ein del av opplegget.
Dei som IKKJE kan vera med, må gi beskjed innan mandag 29. sept!

MEIR INFO OM DETTE FÅR DE I PROGRAM FOR WEEKEND SOM VERT SENDT UT I STARTEN AV HAUSTEN.

Informasjonsmøte for alle tre sokna i

Kvinnherad kyrkje, torsdag 19. juni kl. 18.00

På denne samlinga reknar vi med at ein av foreldra/føresette vert med.

NB! ALLE må deretter registrere konfirmantane på internett.

Då går de inn på **www.kvinnherad.kyrkja.no**.

Velg "Konfirmasjon" under Snarvegar og klikk deg inn på artikkelen om påmelding til konfirmasjonstida.

Gå vidare til skjema for heile kommunen

og **fill ut før fredag 27. juni.**

...eller bruk QR-koden



NB! Sjekk gjerne på **www.skatteetaten.no** folkeregister korleis namnet til konfirmanten skal skrivast og før rett namn på innmelding. Dersom nokon endrar på namnet etter innmelding, må de gje beskjed til kyrkjekontoret.

Kostnader:

Weekend til Brandøy 10.-12. okt kjem på **kr. 2000,-**. Dette inkluderer både reis, aktivitetar og kost og losji heile helga. De får tilsendt faktura som e-post for denne innbetalinga. **NB! Ikkje vær redd for å gi beskjed om de ynskjer delbetaling, eller t.d. utsette 1 mnd, så ordnar me det!**

Felles presentasjonsgudsteneste:

Kvinnherad kyrkje Søndag 31. august..... kl. 19.00

Etterpå er det kveldsmat, utdeling av biblar og Kristuskrans og undervisning på bedehuset.

Det er fint om de som foreldre/føresette er med på dei gudstenestene som konfirmanten deltek på i løpet av konfirmasjonstida.

Konfirmasjonane 2026:

Ænes kyrkje Laurdag 25. april kl. 11.00

Uskedal kyrkje Søndag 26. april..... kl. 11.00

Kvinnherad kyrkje Laurdag 2. mai kl. 11.00

Søndag 3. mai..... kl. 11.00

Åkra kyrkje Kristi Himmelfartsdag 14. mai kl. 11.00

Ved påmelding på heimesida legg de inn den dagen de ynskjer.

Dersom de har ein spesiell grunn kan de grunngje ynsket i skjemaet.

I løpet av hausten får de ei tilbakemelding på kva dag ein får tildelt.

Vi ynskjer at konfirmasjonstida skal bli ei fin tid for kvar einskild. Då er det viktig at alle gjer sitt til at det skal lukkast, og vi har sett opp nokre ordensreglar:

- 1) **Møt presis** til alle samvær (helst nokre minutt før).
- 2) **Fråvær.** Har du god grunn til å vera borte frå eit samvær, må føresette be deg fri på førehand (andre fritidsaktivitetar er vanlegvis ikkje gyldig grunn.)
Er du borte frå undervisningssamvær p.g.a. sjukdom, må konfirmantlærer/prest få melding seinast dagen etter (gjerne på SMS eller mail).
Må nokon ha fri frå ei av dei gudstenestene som alle skal vera med på (t.d. lysmessa), må vi få beskjed så lang tid på førehand at konfirmanten kan møta på ei tilsvarande gudsteneste i ei av dei andre kyrkjene.
- 3) **Ta med til kvart undervisningssamvær:**
Bibel, Kristuskrans og skrivesaker.
- 4) **Ro og orden.** I alle samvær skal det vera ro og orden som gjev høve til konsentrasjon og arbeid. Slik kan utbytte av samværa verta best mogeleg.
- 5) **Mobiltelefonar.** På undervisningssamværa har me mobiltelefonen avslått/lydlaus.

**Så ynskjer vi vel møtt
og vonar det vert ei fin konfirmasjonstid med gode opplevingar!**



Med venleg helsing

Kjersti Brakestad Boge

Sokneprest

kjersti.brakestad.boge@kvinnherad.kommune.no

Tlf.: 95 26 20 22

Kyrjekontoret i Kvinnherad
Klubbavikjo 9, 5451 Valen
Tlf.: 90 53 19 10 (Ikkje SMS)
post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no
www.kvinnherad.kyrkja.no



**For så elska Gud verda at han gav Son sin,
den einborne, så kvar den som trur på han,
ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.**